



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2022/841-1

Saksbehandlsamar: Gunnar Aabø Kilen

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Landbruk, miljø og teknisk utval	07.04.2022	16/22

Lokal forskrift for utslepp av sanitært avløpsvatn

Saksframlegg godkjent av kommunalsjef, Gunhild Austjord 01.04.2022.

Vedlegg

- 1 Lokal forskrift for utslepp av sanitært avlaupsvatn

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret har hatt ynskje om å ha ein lokal forskrift for utslepp av avløpsvatn frå bustadhus, fritidsbustader og liknande og har bede administrasjonen om å kome med framlegg til ein slik forskrift. Det er Forurensingsforskrifta (Forskrift om begrensning av forurensning) som gjev heimel til dette i §12-6 Lokal forskrift; Kommunen kan fastsette lokal forskrift dersom det er nødvendig ut i frå forurensingsmessige forhold eller brukarinteresser. Krava i lokal forskrift skal erstatte krava i § 12-7 til § 12-13. Framlegget til lokal forskrift for Tokke kommune er utarbeidd i tråd med dette.

Vurdering

Arealforvaltinga i kommunen skal take omsyn til busetjing, næringsliv og naturkvalitetar. Det har i seinare tid vore stilt spørsmål til om ulike løysingar for reinsing av avløpsvatn skal vere/er tillat. Lokal forskrift skal freista å gje svar på desse spørsmåla. Framlegget til forskrift byggjer på den sentrale forskrifta (§12-7 til 12-13) og på tilsvarande forskrift i Fyresdal og Vinje kommune, tilpassa dei lokale tilhøva. Kommunen må sende framlegget til lokal forskrift på høyring etter forvaltningslova § 37. Høyringsfristen er normalt 2 månadar for kommunale forskrifter. Etter dette skal forskrifta vedtakast i kommunestyret. Etter at vedtaket er stadfesta skal den kunngjerast i Norsk Lovtidend, etter Forvaltningslova § 38. Forskrifta kan ikkje gjerast gjeldande før den er kunngjort, sjå Forvaltningslova § 39.

Konklusjon: Den lokale forskrifta er meint tilpassa dei lokale tilhøva og har som mål å gjera det enklare å handsame utsleppssøknadar med inntil 50 personekvivalentar (pe).

Landbruk, miljø og teknisk utval si handsaming av sak 16/2022 i møtet den 07.04.2022

Røysting

Samrøystes som tilrådinga frå Kommunedirektøren.

Vedtak

Landbruk, miljø og teknisk utval vedtek at framlegg til Forskrift for utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustadhus, fritidsbustader og liknande for Tokke kommune vert lagt ut til offentlig ettersyn slik den ligg føre. Forskrifta er utarbeidd med heimel i § 12-6 i Forureiningsforskrifta (Forskrift nr 931 av 1. juni 2004)

Kommunedirektørens tilråding

Landbruk, miljø og teknisk utval vedtek at framlegg til Forskrift for utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustadhus, fritidsbustader og liknande for Tokke kommune vert lagt ut til offentlig ettersyn slik den ligg føre. Forskrifta er utarbeidd med heimel i §12-6 i Forureiningsforskrifta (Forskrift nr. 931 av 1. juni 2004)